



Kvamsbakken

Namn på plassen	Kvamsbakken
GPS-posisjon (UTM 32V)	EU89 UTM33 7025017N 241366Ø
Høgde moh	135
Tilstand	Gardshus
Plass under	Kvammen
Gnr. Bnr.	Under 21/1
Tidsperiode	Ca. 1715-1778
Marit Erichsdtr	1719
Peder Kvamsbakken	Ca.1720-ca.1730
Erich Kvamsbakken	Ca. 1730-ca. 1760
Peder Erichsen	Ca. 1760-1775
Siver Hermundsen	1775-1778, da han kjøpte plassen.
Omtale:	Orkdalsboka III side 102, Gardtales i Orkdal I side 266



Flyfoto 1957



Det er ikkje nemnt husmannsplasser på Kvammen verken ved folketellinga 1700 eller i skoskatten 1711. Men ved skattematrikkelen 1723 var det to husmannsplassar. Det må være lov å forutsette at dette var Kvamsbakken og Kvamsbrekka.

Den første personen vi har namnet på er Marit Erichsdtr Kvamsbakken som døydde i 1719.

Peder Kvamsbakken fekk sønnen Joen i 1722 som døydde i 1726, og ei dotter som døydde i 1728.

Den neste husmannen heitte Erich Olsen. Han fekk borna Peder i 1732, Randi 1734, Anders 1736, Beret 1738, Endre 1741, Ole 1756, og Torger 1759. I 1762 var Erich husmann på Ljåmobakken.

Sønnen Peder vart gift med Marit Olsdtr i 1758 og overtok Kvamsbakken. Dei fekk to barn: Guru 1758 og Maret i 1760 som sannsynlegvis var dattera som døydde i 1761. Peder er nemnt i ekstraskatten 1762, Han døydde i 1775.

Ei gl. Guru døydde i 1769. Ut fra namnelikhet kan det ha vore ei i familien, f.aks. mor til Peder eller Marit.

Sivert Hermundsen født 1739 kjøpte plassen i 1778, og vart den første sjøleigaren. Han vart i 1773 gift med Randi Andersdtr født 1746, og dei fekk borna Anders i 1777 og Sizilie i 1779. Sivert døydde i 1783, og Randi gifta seg opp att i 1784 med Ludvig Olsen Aune.